
Fra: Anny Bastesen
Sendt: 19. mai 2017 10:47
Til: Tor Kyrre Hegle
Kopi: Hogne Haugsdal; Ingebjørg Vamråk; Reidun Halland; Svein Helge Hofslundsengen; Øivind Olsnes; Jostein Førre; Jarle Landås; Ørjan Raknes Forthun; Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Marlene Sørli; Roald Kvingedal; Tonje Nepstad Epland; Siril Therese Sylta
Emne: SV: Samarbeidsavtale for nytt NGIT

Hei alle!

Eg skriv sak om godkjenning av samarbeidsavtalen i dag. I den forbindelse ser eg at forslaget til vedtak i saksutgreiinga, som vart sendt ut i mars, manglar heimelen for samarbeidsavtalen (kommunelova) – den bør de ta med. I tillegg manglar vedtaket om tilsynsstrategi – den bør de også ta med, slik at de slepp å ta opp ei ny sak om den.

Eg trur også at det er nødvendig å ta med delegasjon av mynde frå rådmannen vår til rådmannen i Lindås, jf kommunelova § 28-1 b nr 3.

Eg har tenkt å skrive rådmannen sitt framlegg til vedtak slik:

«Kommunestyret godkjenner i medhald av kommunelova § 28-1 b, samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn, oppdatert 10.05.2017. Kommunestyret gir instruks til rådmannen om delegasjon av mynde som avtalen omfattar til rådmannen i Lindås. Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 25-1, overordna tilsynsstrategi for samarbeidskommunane, oppdatert 10.05.2017.»

KOMMENTARAR TIL DETTE? Eg sender saka frå meg på måndag (22.mai). Kommunestyrebehandling 14. juni.

Venleg helsing
Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk

Meland kommune
Plan, utbygging og kommunalteknikk

Fra: Tor Kyrre Hegle
Sendt: 10. mai 2017 15:17
Til: Postmottak Fedje; postmottak@gulen.kommune.no; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås
Kopi: Hogne Haugsdal; Ingebjørg Vamråk; Reidun Halland; Svein Helge Hofslundsengen; Øivind Olsnes; Jostein Førre; Jarle Landås; Ørjan Raknes Forthun; Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Marlene Sørli; Roald Kvingedal; Anny Bastesen; Tonje Nepstad Epland; Siril Therese Sylta
Emne: Samarbeidsavtale for nytt NGIT

Hei!

- Det vert vist til vår epost av 13.mars 2017, der det vart sendt ut dokument knytt til etablering av nytt interkommunalt samarbeid om byggetilsyn.
- Det vert vist til vår epost av 31.mars 2017, der det vart sett frist til 20.04.2017 for innsending av merknader.
- Det vert vist til vår epost av 25.april 2017, der det vart sendt melding til samarbeidskommunane om å sende ut reviderte dokument 10.05.2017.

Innanfor fristen kom det inn tilbakemeldingar frå Øivind Olsnes i Modalen kommune, Anny Bastesen i Meland kommune, Tonje Epland i Radøy kommune, Roald Kvingedal i Masfjorden kommune. Vi takkar for tilbakemeldingane. Styringsdokumenta er no forsøkt revidert i forhold til dei merknadene som kom inn.

- Vedlagt denne e-posten finn du: 1) Merknadsbehandling, 2) reviderte framlegg til samarbeidsavtale, 3) revidert framlegg til tilsynsstrategi.

Vi ber om tilbakemelding på dei reviderte dokumenta innan 19.mai 2017.

Det blir satt kort frist for tilbakemeldingar av omsyn til å prøve å nå endeleg behandling i alle kommunestyra før sommaren.



Med helsing

Tor Hegle, Rådgiver. Lindås kommune.

Mob.: + 47 95968182. Post: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41.
